

Ny dagleg leiar i Kystsogevekene

Kjell Magnus Økland er ny dagleg leiar for Stiftinga Kystsogevekene.

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Økland er kjent for sitt engasjement for oselvaren, og har kunnskap også om kystkultur elles. No skal han jobba med dette på heitid som dagleg leiar for Stiftinga Kystsogevekene, ei årleg kulturfest som finn stad i august og september i 21 kommunar i Hordaland i tillegg til Gulen i Sogn og Fjordane.

– Med hans bakgrunn og nettverk er Økland rett mann for Kystsogevekene, seier Børge Haugsetun, ordførar i Øygarden og styreleiar i Stiftinga Kystsogevekene.

Engasjert

Kjell Magnus Økland kom i oktober 2016 ut med den store boka om nasjonalbåten oselvaren, med tittelen «Oselvar – den levande båten».

– Det var også Økland som skreiv nominasjonsframlegget som i desember fekk bygging og bruk av

Oselvaren inn på UNESCO si kulturnarvsliste, seier Haugsetun.

Økland har brei røynslle frå kulturnarbeid. Han har vore særleg aktiv i seglporten, og har sidan 1990 vore med i styre og stell kring oselvaren i organisasjonar som Båtlaget Njord/Tysnes, Oselvarklubben, BSI/Seiling, Hordaland Seilkrets, Ran Seilforening, Shetland Race og Forbundet Kysten.

Journalist

Økland har tidlegare arbeidd som journalist og lærar, og har drive seglopplæring, arrangert regattaer for både joller, eintypebåtar, havkappsegling og kapproeing. Vidare er han ein aktiv regattaseglar, skribent, fotograf og føredragshaldar der han gjerne formidlar maritime tema.

Kystsogevekene 2017 går frå laurdag 12. august til søndag 17. september. Som tidlegare vert det mange slags aktivitetar, alt frå båtturar, konserter, føredrag, kulturvandringar, marknader og utstillingar. Rundt om er det mange lokale eldsjeler som står på for arrangementa.



SJØSTERK: Kjell Magnus Økland har skrive bok om oselvaren, her demonstrerer han kor sjødyktig båttypen er.

Foto: Privat

VINTERTILBUD PÅ NYERE BRUKTE PEUGEOT 208



STORT UTVALG AV LEVERINGSKLARE NYERE BRUKTE PEUGEOT 208
Alle biler leveres komplett med sommer- og vinterhjul.

Priser fra kr 98.000,- til kr 159.000,- inkl. omregistreringsavgift.



MOTION & EMOTION

Bertel O. Steen

Bertel O. Steen Bergen - Åsane
Liamyrane 3 • 5132 Nyborg • Tlf.: 55 39 31 60
Fax: 55 39 31 61 • www.bosbergen.no

Bertel O. Steen Bergen - Minde
Kanalveien 51 • 5068 Bergen • Tlf.: 55 20 54 00
Fax: 55 20 54 01 • www.bosbergen.no